



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tore Larsen  
Telefon: 57643126  
E-post: fmsftla@fylkesmannen.no

Vår dato  
02.02.2012  
Dykkar dato  
20.01.2012

Vår referanse  
2009/571 - 432.2  
Dykkar referanse

Rådmann	
09 / 787	31
AK	06.02.2012
233	

Naustdal kommune  
Postboks 43  
6806 Naustdal

## Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - spørsmål om endringar i bruken av tildelte forvaltingsmidlar

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.1.2012, med spørsmål om omdisponering av forvaltingsmidlane som følgde med vernet av Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2009. Av forvaltingsmidlane sette Fylkesmannen av 300 000 kroner til bruk i viktige innfallsportar til landskapsvernområdet i Naustdal kommune, og i samråd med kommunen blei dei fordelte med 80 000 kroner til opprusting av parkeringsplassar ved Vonavatnet og Steinbakken, 205 000 kroner til opprusting av vegen mellom Steinbakken og Vonavatnet, og 15 000 kroner til oppsetjing av informasjonsskilt.

Kommunen har gjennomført opprusting av veg for 50 000 kroner, og skilt har kome på plass. I samråd med Øvre Naustdal Grunneigarlag har Naustdal kommune no revidert tiltakslista ut frå erfaringane med arbeidet så langt, og det er avtalt at grunneigarlaget vil ta over ansvaret for gjennomføring av det arbeidet som står igjen.

Den reviderte tiltakslista har følgjande punkt:

Vidareføring av arbeidet med opprusting av parkeringsplassar ved Vonavatnet og Steinbakken, oppjustert til 100 000,-.

Reparasjon/oppgradering av brygga ved Vonavatnet, 25 000,-

Gravearbeid ved brygga, i område for utsetjing av båtar, 20 000,-

Parkeringsplassar ved Reinene, Svorstøl, Øyjord og Teigen, 50 000,-

Tiltak i utløpet av Nesvatnet for å få tilbake naturleg vasstand, 30 000,-

Tilrettelegging av fiskeplass ved brua mellom Nes og Svoa, 10 000,-

Fylkesmannen deler Naustdal kommune si oppfatning om at tiltaka er i tråd med intensjonen bak dei tildelte midlane, dvs. tilretteleggingstiltak i viktige innfallsportar til verneområdet. Ein kan kanskje diskutere i kva grad parkeringsplass ved Teigen eller vasstandsregulering i Nes- og Svovatnet er relevante i høve til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, men ut frå ei samla vurdering meiner vi at Naustavassdraget er eit så viktig element i denne innfallsporten til verneområdet at tilrettelegging og utbetring også i desse områda kan gjerast med dei aktuelle forvaltingsmidlane. **Fylkesmannen godkjenner med dette den reviderte tiltakslista.**

Vi minner elles om føresetnadene for utbetaling av midlar til tiltaka som er lista opp i brevet frå Fylkesmannen til Naustdal kommune datert 3.9.2010, og som vi gjentar her (fristen i november 2011 er endra til 2012):

- Halve beløpet kan betalast ut no, resten når Statens Naturoppsyn v/Rune Holen stadfester at det aktuelle arbeidet er kome godt i gang.
- Ein ansvarleg for kvart enkelt tiltak må utnemnast lokalt. Vedkomande må, før utbetaling kan skje, sende eit enkelt, underteikna brev til Fylkesmannen (med kopi til Naustdal kommune) der det går fram at han/ho tar på seg ansvaret for bruken av dei tildelte forvaltingsmidlane, og aksepterer å gjere følgjande seinast i løpet av november 2012:

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907


Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77


E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

- Å sende Fylkesmannen ein enkel rapport med oversyn over kva midlane er brukt til, med kvitteringar for utlegg. Med rapporten skal det følgje bilete tekne før og etter gjennomføringa av arbeidet.
- Å betale eventuelle ubrukte midlar tilbake til Fylkesmannen etter at tiltaket er gjennomført.
- Å betale tilbake til Fylkesmannen beløp som det ikkje ligg føre dokumentasjon for bruken av.
- Eventuelle byggjeløyve og nabovarsel må vere avklarte og i orden.

Vi ønskjer lukke til med arbeidet!

Med helsing

  
Tom Dybwad  
seniorrådgjevar

  
Tore Larsen  
rådgjevar

Kopi til

Øvre Naustdal Utmarkslag  
Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (epost)  
Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik (epost)